



Notat

Dato: 24.05.2018
Arkivsak: 2018/8568-19
Saksbehandlar: gunradd

Til: Cathrine Grasdal

Frå: Gunhild Raddum

Innspel til Rong senterområde - områdereguleringsplan - Øygarden kommune

Utviklinga av Rong sentrumsområde har vore gjennom ein lang og grundig prosess, og det er eit godt utarbeid planforslag som no er på høyring. Øygarden er i dag bilbasert, og planen legg opp til å endre dette ved å legge til rette for syklistar og gåande. Dette er positivt og i tråd med dei nasjonale måla som er nedfelt i *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (BATP)* som vart vedteken i 2014, der hensikta er at planlegging av utbyggingsmønstre og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennlig transport for å redusere transportbehova.

Utviklinga av sentrumsområdet på Rong må sjåast i samanheng med planane for utvikling av bustadområda langs fv 561 Rongøy. Rong skal vere sentrumsområdet, og her legg ein opp til tettare konsentrasjon av bustader, miljøgate og handel. Inn til sentrumsområdet skal det vere god tilkomst for mjuke trafikantar frå omliggande bustadområder. Formålet med planen er å styrke lokalsenteret Rong og leggje til rette for ein positiv stadutvikling. Dette krev mellom anna ein samferdselsstruktur der areal knytt til bilbruk og parkering er nedprioritert til fordel for gode tilkomstmøglegheiter og opphaldsrom for mjuke trafikantar. I begge planane har det vore omfattande dialog med Statens vegvesen for å sikre trygge vegløysingar som prioritatar mjuke trafikantar.

Miljøgate

Det er fornuftig å etablere ein miljøgate og sikre kryssing av fv 561. Ein miljøgate tillater gjennomkjøring, men her vil vere fartsreduserande tiltak for å sikre tilhøva for dei som går og syklar. Statens vegvesen anbefaler ein fartsgrense på 30 eller 40 km/t i miljøgater, men det er etablert slike gater med fartsgrense på 50 km/t. Ansvaret for å godkjenne ein miljøgate og dei ulike tiltaka er lagt til vegeigar, og i dette tilfellet er det Hordaland fylkeskommune. Fylkeskommunen er positiv til å etablere ei miljøgate gjennom sentrum av Rong, men vi vil presisere at omsynet til kollektivtransport må vere ivareteke og ikkje medføre redusert framkome for bussar og auka reisetid for passasjerane.

Rundkøyringa i sentrum

Samferdselsavdelinga var i utgangspunktet skeptisk til rundkøyringa då den i plankartet verka dominerande og det var sett av eit stort areal rundt med uklart formål. Etter dialog med Statens vegvesen og Øygarden kommune vart løysinga for sjølve rundkøyringa og arealbruk kring denne oppklart ,og vi oppfattar at sjølve rundkøyringa og området rundt vil inngå i sentrumsområdet på ein positiv måte utan å virke dominerande.

Kollektiv

I områdeplanen er det fokus på å utvikle Rong i samsvar med nasjonale og regionale retningslinjer for BATP, og det er lagt opp til sentral plassering av kollektivtilbod i Rong. Samferdselavdelinga kan ikkje sjå at

Kollektivhaldeplass er merka av i plankartet. Vi legg til grunn at plassering og utforming av haldeplass i sentrum skjer i dialog med Skyss/samferdselsavdelinga. Det er viktig å sette av nok areal til universell utforming av haldeplass, samt buss og venteskur. Det er også viktig at haldeplassen ikke kjem i konflikt med gang- og sykkelvegen gjennom sentrum. Ved skoleområdet må det også settast av tilstrekkeleg plass for kollektivtrafikk.